



Bruk av Optima pH4 til storfe

Fødselshjelp: Vask området rundt vulva med **Optima pH4 hudvask for dyr/spenevask**. Bruk rikeleg med **Optima pH4 gel** på hansken når du utøver fødselshjelp; og legg igjen ein del gel i børen etterpå.

Mindre overflatesår på jur og spenar: Vask først jur og spenar med **Optima pH4 hudvask for dyr/spenevask**. Påfør deretter **Optima pH4 gel** i rikelege mengder i og rundt såret. Bruk gelen 1-2 g pr dag.

Andre overflatesår(hasesår, sår mellom jur og lår etc) behandlar du på same måte.

Spenepleie kyr: Bruk av **Optima pH4 spenevask og spenespray** er kostnadseffektive tiltak for å ha god stabilitet når det gjeld celletal og jurhelse. Brukt i heile mjølkeperioden kostar det kun 3-4 øre pr liter mjølk.

Mage/tarmplager: Ved slike plager hos enkeltdyr er **Optima pH4 mage(mageregulator)** brukt med godt resultat på denne måten: Kalv(0-3 veker): Bruk ca 1dl(1kopp) 1-2 g pr dag. Bland det evt ut i litt vatn eller mjølk.

Ved flokkproblem: 0,25 liter **Optima pH3,6 organiske syrer** og 0,2 liter **Optima pH4 mage(mageregulator)** til 10 liter mjølk. Denne blandinga er mikrobiologisk stabil og kan brukast både i fôringsautomat og til manuell fôring. Mageregulatoren har god smak og stimulerer opptaket. Denne kan også brukast i drikkevattnet i utblanding 1:10.

Reinhold med Optima: Godt reinhold er særleg viktig i kalvebingane. Men rydd ikkje ut dei gode bakteriane i lag med dei skadelege! Og tenk gjerne på miljøet! Med **Optima pH4 universalvask** og **Optima pH3,6 organiske syrer** gjer du reint på ein miljøvenleg måte, og du øydelegg ikkje dei gode bakteriane. Ekstra smittereduksjon kan du få ved bruk av organiske syrer på golv og innreiding i kalvebingane. Dette kan gjerast med dyr i bingen.

Smittereduksjon i store buskappar: I store buskappar med lausdrift er smittepresset stort. Det går mest ut over kalvehelsa. I ein del slike buskappar er det oppnådd gode resultat ved tiltak etter punkta mage/tarmplager og reinhold.

Legg til rette for den gode bakteriefloraen i heile miljøet og unngå mange problem!